

Saknummer: 06/00875  
Løpenummer: 004193/06  
Arkivkode: 010  
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

SÆRUTSKRIFT  
Av 2/ medlemmar var 19 tilstades  
M. Oppedæl

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
0073/06	Kommunestyret	31.08.2006

### HØYRING OM ENDRINGAR I VALLOVA

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Kommunal- og regionaldepartementet, postboks 8112 Dep., 0032 Oslo

#### Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

##### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Oversendingsskriv, datert 20.06.06

Ikkje utsende vedlegg:

- Høyringsnotat, datert 20.06.06 (tilgjengeleg på [www.krd.no](http://www.krd.no))

##### **Saksutgreiing:**

I forkant av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2007 er det gjort framlegg om tilpassing av vallova. Dei viktigaste tilrådde endringane er desse:

1. Valkort skal sendast ut til alle røysteføre i kommunen.
2. Tiltak for å hindre at einskilde førehandsrøyster kjem inn for seint til å verte gjeldande.

Om 1.: Som mange andre oversiktlege kommunar med lågt folketal, har Gulen kommune ikkje sendt ut valkort ved dei siste vala. Vi har gode røynsler med dette. Nokre få studentar frå Gulen som vil røyste i andre kommunar har meldt at det ville det vore litt enklare om dei hadde med seg valkort, i staden for at det vert utfylt på røystestaden, men dette er etter administrasjonen si vurdering langt frå nok til å forsvare meirarbeidet og kostnaden med å produsere og sende ut valkort. For kommunar med lågt folketal vil kostnaden pr. valkort verte langt høgare enn for folkerike kommunar, samstundes som nytta av å sende desse ut er klart lågare. Standardiserte løysingar som det vert lagt opp til her gjer at kommunar med lågt folketal ikkje får nytta smådriftsfordelane sine (nærleik, oversikt), og difor vert dyrare i drift pr. innbyggjar enn folkerike kommunar. Dette er lite ynskjeleg. Difor bør det vere opp til kommunen å avgjere om det skal sendast ut valkort eller ikkje.

Om 2.: For å sikre at færrest mogleg røyster vert forkasta fordi dei kjem til manntalskommunen for seint, tilrår departementet å avslutte førehandsrøystinga ein dag

tidlegare og vente ein dag ekstra med endeleg oppteljing. I tillegg skal føresegnene presisere at røystene skal sendast som A-post.

Administrasjonen meiner det siste av desse tiltaka bør vere nok for å sikre at røystene kjem fram i tide. A-post skal leverast på 1-2 dagar.

**Framlegg til vedtak:**

Gulen kommune meiner utsending av valkort bør vere opp til kommunane sjølv å vurdere.

Eventuell utsendingsplikt må kompenseras, og fordelast på ein måte som speglar kostnadene.

Innføring av krav om sending som A-post bør vere nok til å sikre at færrest mogleg røyster vert forkasta fordi dei kjem for seint fram.

**Behandling og vedtak i Kommunestyret, 31.08.2006:**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 06/00879  
Løpenummer: 004195/06  
Arkivkode: 020  
Saksbehandlar: Trude Brosvik

21. september 2006 19  
M. Oppedal

**MØTEBOK**  
**Gulen kommune**

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
0075/06	Kommunestyret	31.08.2006

**DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING? NOU 2006:7**

*Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- KR D

**Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

**Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Kap. 1, NOU 2006:7
- [www.lokaldemokrati.no](http://www.lokaldemokrati.no)

Ikkje utsende vedlegg:

- 

**Saksutgreiing:**

Lokaldemokratikommisjonen har arbeidd ut to NOUar, i tråd med mandatet. NOU 2006:7; Det lokale folkestyret i endring? Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken., har høyringsfrist 01.10.06.

Utgreiinga omhandlar situasjonen for lokaldemokratiet. Sentrale tema er:

- Valdeltakinga ved lokalval. Kommisjonen omtalar den fallande valdeltakinga ved lokalval og vurderer kva denne utviklinga betyr for lokaldemokratiet.
- Ulike tiltak for å få opp valdeltakinga ved lokalval.
- Situasjonen for dei politiske partia i lokalpolitikken.
- Rekruttering og representativitet i lokalpolitikken.
- Ulike deltakingsformer utanom det representative lokaldemokratiet.
- Kommunal organisering og lokaldemokrati.
- Frivilleg organisasjonar og lokaldemokratiet.

Lokaldemokratikommisjonen konkluderer med at lokaldemokratiet har massiv og stabil støtte i befolkninga. Ser ein valdeltaking over fleire val i samanheng, så er ikkje biletet eintydig negativt. Men det er dårlegare valdeltaking ved lokalval enn ved Stortingsval. Derimot er det eit aukande politisk engasjement i enkeltsaker, demonstrasjonar, underskriftslistar og liknande.

Det kan tolkast som ei dreining frå det kollektive til å berre engasjere seg i saker som meir snevert gjeld "meg og mitt".

Kommunane har i dag relativt stor grad av fridom til å legge til rette for auka valdeltaking. Kommisjonen ville ikkje skrenke inn denne lokale handlefridomen. Men nokre tema vart det diskusjon rundt, og det er kanskje naturleg at dei og vert tema i høyring.

#### *Felles valdag*

Fleirtalet i kommisjonen går inn for å halde på ordninga med at lokalvala har eigen valdag, medan eit mindretal vil ha Stortings-, Fylkestings- og Kommunestyreval på same dagen.

#### *Stemmerettsalder*

Fleirtalet vil halde fast på 18 år som stemmerettsalder, medan mindretalet vil ha stemmerettsalder på 16 år ved lokalval.

#### *Politiske parti sitt ansvar for å sikre det representative demokratiet.*

Kommisjonen er samde om partia sitt ansvar, og meiner eit viktig verkemiddel er at samfunnet bidrar med større økonomiske ressursar til lokale lister og politiske parti.

#### *Lokale lister*

Fleirtalet meiner at reglane for å stille lokale lister er for strenge når same lista har vore representert ved tidlegare val. Eit mindretal vil gå enno lenger og redusere kravet til underskrifter frå 2 til 1% av dei røysteføre for å kunne stille liste.

#### *Gjennomgåande representasjon*

Kommisjonen er skeptisk til krav om gjennomgåande representasjon og ei utvikling mot stadig færre offentlege verv. Å ha mange lokale folkevalde styrker lokaldemokratiet, og er ein viktig rekrutterings- og opplæringsarena. Ein oppmodar difor kommunestyra til å ta ein debatt om lokal organisering og også om delegering av saker til administrasjonen.

#### *Møtegodtgjering*

Kommisjonen meiner møtegodtgjering for folkevalde bør halde eit nivå som samsvarar med den tidsbruken møte og førebuing til møte representerer. I tillegg skal ein sjølv sagt ha tapt arbeidsforteneste og dekka reiser, nødvendig barnepass og liknande.

#### *Lokale folkerøystingar*

Fleirtalet meiner lokale bindande folkerøystingar bryt med prinsippet om representativt folkestyre, og vil halde fast på dagens ordning med rådgjevande folkerøystingar. Mindretalet ønskjer ei lovregulering, slik at kommunestyret i enkelte saker kan overlata avgjerdsansvaret til veljarane.

#### *Ny teknologi og lokaldemokrati*

Det folkevalde aspektet på kommunen si nettside bør styrkast, og lokalpolitikarane bør bli meir tilgjengelege for innbygarane via nettet.

#### *Lokale demokratiltak*

Kommisjonen går ikkje inn for å lovregulere nye tiltak. Ein meiner det ikkje bør innførast nye tiltak som rokkar ved Kommunestyret sin politiske autoritet. Det er viktig for at også dei som

ikkje "ropar høgast" skal bli høyrde. Dersom ein vel å høyre innbyggjarane, så må dei få ei form for tilbakemelding.

#### *Brukarmedverknad*

Kommisjonen åttvarar å bruke brukarmedverknad som symboltiltak. Einser argument både for og mot fritt brukarval, og meiner ulikskapane i kommune-Norge gjer at det framleis må vere opp til den enkelte kommune å finne beste organiseringa for seg sjølve.

#### *Eldreråd, ungdomsråd og råd for funksjonshemma*

Fleirtalet i kommisjonen meiner at det skal vere opp til kommunane sjølve å etablere dei råda dei vil ha, og foreslår difor å ta vekk lovfestinga på eldreråd og råd for funksjonshemma. Eit mindretal vil halde på lovfestinga for begge, medan eit anna mindretal berre vil halde på lovfestinga for råd for funksjonshemma.

#### *Direkte ordførarval*

Fleirtalet er positive til ordninga, og ønskjer at kommunane sjølve kan bestemme i saka. Eit mindretal er positiv til direkte ordførarval, men ønskjer at kommunane sjølve får bestemme kor stort mynde ordføraren skal ha. Eit anna mindretal er prinsipiell motstandar av direkte ordførarval.

#### *Frivillige organisasjonar*

Kommisjonen er samde om at kommunane har eit ansvar for ein aktiv frivillig sektor, og at frivillige organisasjonar spelar ei sentral rolle i forhold til vidareutvikling av lokalsamfunna. Det lokale frivillige organisasjonslivet har ikkje nødvendigvis ein sentral overbygning. Kommisjonen sluttar seg difor til KS sitt velferdsutval (KOU 2003:3) sitt framlegg om at kommunane i større grad skal stå for fordelinga av statlege midlar til lokale organisasjonar.

#### **Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak, og ein oppmodar partia til å lage framlegg.

#### **Behandling og vedtak i Kommunestyret, 31.08.2006:**

#### **Nye framlegg:**

Krf v/ Ordførar kom med slikt framlegg til vedtak:

Gulen kommunestyre sluttar seg til vurderingane i saka, og går for fleirtalsframlegga i kommisjonen.

#### **Røysting:**

Samrøystes.

#### **Vedtak:**

Gulen kommunestyre sluttar seg til vurderingane i saka, og går for fleirtalsframlegga i kommisjonen.

